



Fylkesmannen i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1192 - 20/33214

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
04.06.2020

Stadfestar mottatt klage og vurdering av utsatt iverksetting - gbnr 318/12 Sagstad Øvre

Tiltak: Solhaug
Byggjestad: Gbnr: 318/12
Tiltakshavar: Erik Knag Johannesen
Ansvarleg søkjar: Tysseland Arkitektur AS

Vi stadfestar med dette å ha motteke dykkar klage på dispensasjon for oppføring av einebustad med garasje den 26.05.2020 – gbnr 318/12.

Sakshandsamingsfristen for klage er 8 veker. Der det er gjeve utsett iverksetting av vedtak er fristen 6 veker.

Før kommunen førebur saka vert klagen sendt til partane med frist for innsending av kommentarar.

Klagen vert handsama av Utval for areal, plan og miljø i første møte etter sumaren den 02.09.2020. Nærare informasjon om møtetidspunkt vert gitt seinare. Møta vert halde på kommunehuset på Frekhaug. Nærare informasjon om møtet vert opna for publikum kjem seinare.

Handsaminga i Utval for areal, plan og miljø kan føra til at vedtaket vert endra. Vedtaket er då eit nytt enkeltvedtak som det er klagerett på. Vert utvalet sitt vedtak oppretthalde, vert klagen sendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

Vurdering av utsett iverksetting av vedtak

I mottatt klage er det bedt om utsett iverksetting av vedtak datert 29.04.2020. Oppmoding om utsett iverksetting vert handsama uavhengig av sjølve klagehandsaminga.

Innleiingsvis, så vert de vist til at det er gjeve utsatt iverksetjing frå administrasjonen for vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 05.02.2020 i sak 010/20 i skriv, datert 16.03.2020. Då noverande klage gjeld klage på eit nytt vedtak fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 29.04.2020 i sak 063/20, så må det på nytt vurderast om utsett iverksetting skal gis.

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker kan setjast i verk straks dei er vedtekne og gjort kjend for partane. Når eit vedtak er klaga på, kan underinstansen fatte avgjerd om at eit vedtak ikkje skal setjast i verk før klagen er endeleg avgjort.

Avgjerda vert gjort ut i frå ei heilskapleg og konkret vurdering av klagen og av dei ulike interessene og tilhøva som gjeld sjølve saka. Det sentrale for avgjerda vil vera ei vurdering av dei fordelar og ulemper ei avgjerd om utsett iverksetting vil gje, td. uoppretteleg skade eller tap for partane.

I vedtaket som er fatta er det gitt dispensasjon frå LNF-føremålet og rammeløyve for oppføring av ny bustad på eigedomen på gitte vilkår. Det er ikkje søkt om igangsetjingsløyve per dato.

Administrasjonen vurderer at det er grunnlag for å gje utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon og rammeløyve inntil klagesaka er avgjort. I vurderinga av saka har administrasjonen lagt særleg vekt på at det ikkje er føremålstenleg å handsama ein eventuell søknad om igangsetjingsløyve før klagen på dispensasjonsvedtaket og rammeløyvet er endeleg avgjort, då ei eventuell omgjerding av vedtaket som no ligg føre vil kunne føra til at det vert gitt igangsetjingsløyve på feil grunnlag slik at også dette vedtaket må endrast. Det er vidare lagt vekt på at eit vedtak om utsett iverksetting får liten konsekvens for tiltakshavar. Det vert difor gjeve utsett iverksetting av vedtaket om dispensasjon fatta av Utval for areal, plan og miljø i møte 29.04.2020 i sak 063/20.

Denne avgjerda er ei prosessuell avgjerd og kan ikkje klagast på. Fylkesmannen kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsett iverksetting i saka. Eventuelle førespurnadar om dette kan rettast direkte til Fylkesmannen i Vestland.

Aktuelt regelverk

- Frist for handsaming av klage går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1 første ledd bokstav c.
- Frist for handsaming av klage viss det er gitt utsatt iverksetting går fram av SAK § 7-1 første ledd bokstav f.
- Kommunen kan endre vedtaket på bakgrunn av klaga, jf. forvaltningslova (fvl) § 33.
- Utsett iverksetting av tiltak har grunnlag i fvl § 42.
- Krav om utsatt iverksetting skal vurderast med bakgrunn i Ombodsmannen si årsmelding av 1985 på s. 154.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Siril Therese Sylta
Tenesteleiar arealforvaltning

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erik Knag Johannesen
TysseLand Arkitektur AS

Sagstadvegen 127
Strandgaten 19

5919 FREKHAUG
5013 BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863 LEIKANGER